

Utdrag frå møteprotokollen for formannskapet 23.08.2021

Sak 041/2021 Vurdering av stans i tilsetjing

Det var ikkje skrive/sendt ut saksutgreiing i denne saka til formannskapsmøtet 23.08.2021.

Utdrag frå møteprotokollen:

SAKNR. 041/2021: Vurdering av stans i tilsetjing

23.08.2021 Formannskapet:
Handsaming i møtet:

Framlegg til vedtak, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune meiner det er uheldig at avtroppande rådmann har høve til å tilsettja konsulent for leiargruppa berre kort tid før ho sluttar, og at dette i verste fall kan ha negativ innverknad på kvaliteten i styringa av kommunen. Det er òg eit viktig moment at dette gjev ny rådmann mindre rom til å byggja opp administrasjonen slik han/ho ønskjer.

Samnanger kommune innfører difor stopp i tilsetjingar i sentraladministrasjonen med verknad frå tidspunktet dette vedtaket er gjort. Denne tilsetjingsstoppen gjeld fram til mellombels rådmann har overteke for noverande rådmann.

Sidan den nemnde tilsetjinga av konsulent kan skje innan kort til (søknadsfristen er gått ut) er det formannskapet som gjer dette vedtaket med heimel i Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet i Samnanger kommune, pkt. 3.4.2 Fullmakt – hastesaker, jf. kommuneloven § 11-8. Kommunestyret vil få melding om vedtaket ved første høve.

Justert framlegg til vedtak, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune meiner det er uheldig at avtroppande rådmann har høve til å tilsettja konsulent for leiargruppa berre kort tid før ho sluttar, og at dette i verste fall kan ha negativ innverknad på kvaliteten i styringa av kommunen. Det er òg eit viktig moment at dette gjev ny rådmann mindre rom til å byggja opp administrasjonen slik han/ho ønskjer.

Samnanger kommune innfører difor stopp i tilsetjingar i sentraladministrasjonen med verknad frå tidspunktet dette vedtaket er gjort. Denne tilsetjingsstoppen gjeld fram til mellombels rådmann har overteke for noverande rådmann. Mellombels rådmann vurderer om prosessen med tilsetjing av konsulent for leiargruppa skal halda fram.

Sidan den nemnde tilsetjinga av konsulent kan skje innan kort til (søknadsfristen er gått ut) er det formannskapet som gjer dette vedtaket med heimel i Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet i Samnanger kommune, pkt. 3.4.2 Fullmakt – hastesaker, jf. kommuneloven § 11-8. Kommunestyret vil få melding om vedtaket ved første høve.

Handsaming:

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg til vedtak.

Rådmann Ingebjørg Vamråk bad om ei presisering av innhaldet i framlegget. Knut Harald Frøland (Bl) foreslo ein pause i møtet.

Etter pausen sette Øyvind Røen fram eit justert framlegg til vedtak. Dette framlegget vart vedteke med 6 mot 3 røyster.

For	Imot
Knut Harald Frøland (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Lena Tveit (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Martin Haugen (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Gunn Totland Moss (Krf)	
Øyvind Røen (Sp)	
Odd Arne Haga (Frp)	

Etter røystinga sette Shirin Kvernes Khadoor (Ap) på vegner av seg sjølv, Jon Magne Bøgevik (Ap) og Oskar Røen krav om at saka vert lagt fram for kommunestyret til avgjerd (mindretalsanke), og om at dette kravet vert protokollført.

FORM- 041/2021 Vedtak:

Samnanger kommune meiner det er uheldig at avtroppande rådmann har høve til å tilsettja konsulent for leiargruppa berre kort tid før ho sluttar, og at dette i verste fall kan ha negativ innverknad på kvaliteten i styringa av kommunen. Det er òg eit viktig moment at dette gjev ny rådmann mindre rom til å byggja opp administrasjonen slik han/ho ønskjer.

Samnanger kommune innfører difor stopp i tilsetjingar i sentraladministrasjonen med verknad frå tidspunktet dette vedtaket er gjort. Denne tilsetjingsstoppen gjeld fram til mellombels rådmann har overteke for noverande rådmann. Mellombels rådmann vurderer om prosessen med tilsetjing av konsulent for leiargruppa skal halda fram.

Sidan den nemnde tilsetjinga av konsulent kan skje innan kort til (søknadsfristen er gått ut) er det formannskapet som gjer dette vedtaket med heimel i Reglement for kommunestyret, formannskapet, naturutvalet og kontrollutvalet i Samnanger kommune, pkt. 3.4.2 Fullmakt – hastesaker, jf. kommuneloven § 11-8. Kommunestyret vil få melding om vedtaket ved første høve.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak: